



Møteprotokoll for Plan- og kommunalteknisk utval

Møtedato: 23.01.2019
Møtestad: Osterøy rådhus - Formannskapssalen
Møtetid: Kl. 13.00 – kl. 15.25

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Atle Solberg	H	Utvalsleiar
Annbjørge Bysheim Herland	KRF	Medlem
Silje Midtbø Vevle	MDG	Medlem
Torunn Åsheim	AP	Medlem
Øyvind Litland	AP	Nestleiar

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Lars Fjeldstad	SP	Medlem
Ragnar Tyssebotn	FRP	Medlem

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstatter medlem
Kim Andre Hartveit	FRP	Ragnar Tyssebotn
Andrea Hartveit	AP	For Ø. Litland i sak 005
Nina Brattholmen Nyheim	AP	For T. Åsheim i sak 005
Kari Laurhammer Mjøs	KRF	Lars Fjeldstad

Følgjande frå administrasjonen møtte: Rådmannen v/Leiar teknisk forvaltning og utvalssekretæren. Ny sektorleiar Berit Rystad var til stades i delar av møtet.

Sakliste

Saknr	Tittel
001/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/19	Godkjenning av møtebok
003/19	Referatsaker og meldingar
004/19	Delegerte saker
005/19	58/1 Askeland Søndre - Handsaming av klage - dispensasjonssøknad og søknad oppretting av grunneigedom

- 006/19 129/87 - Hamre - Søknad om dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen - kai
- 007/19 1/97 Loftås - Søknad om dispensasjon - endra takform ved oppføring av einebustad
- 008/19 1/102 Loftås - Søknad om dispensasjon - endra takform ved oppføring av einebustad
- 009/19 4/1 og 4/2 - Hauge - Søknad om ny dispensasjon - utgraving av Gloppemyra for deponering av massar
- 010/19 13/95 Flatevad - Søknad om løyve til tiltak - tilbygg verkstad - søknad om dispensasjon frå byggegrense

Før møtet vart det halde synfaring for utvalet i sak 006/19.

001/19: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

23.01.2019 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Det vart varsla nokre spørsmål til slutten av møtet.
Det var elles ikkje merknader til innkalling og sakliste.

PL - 001/19 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

002/19: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå 28.11.18 vert godkjend.

23.01.2019 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Det var ikkje merknader til utsend møteprotokoll frå 28.11.18.

PL - 002/19 VEDTAK:

Møteprotokoll frå 28.11.18 vert godkjend.

003/19: Referatsaker og meldingar

Rådmannen sitt framlegg:

"Referatsakene vert tekne til vitande."

23.01.2019 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

PL - 003/19 VEDTAK:

"Referatsakene vert tekne til vitande."

004/19: Delegerte saker

Rådmannen sitt framlegg:

Melding om delegerte vedtak vert teken til vitande.

23.01.2019 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

PL - 004/19 VEDTAK:

Melding om delegerte vedtak vert teken til vitande.

005/19: 58/1 Askeland Søndre - Handsaming av klage - dispensasjonssøknad og søknad oppretting av grunneigedom

Rådmannen sitt framlegg:

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Søknad om dispensasjon:

"Kommunen gjev dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen, jf. plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-7, nr. 5, bokstav a, til oppretting av ny grunneigedom frå gnr. 58, bnr. 1 på inntil 13,8 daa, jf. plan- og bygningslova § 19-2."

Grunngjeving

Parsellen er ikkje eigna til bruk for landbruksføremål med omsyn til dagens driftsformer, og har liten eller ingen verdi som til dømes beiteland. Det er difor meir føremoner enn ulemper med å gje løyvet. Ein stor del av dette arealet er nytta til mellom anna infrastruktur som vegar m.m. Det er føremålstenleg å dele frå denne parsellen i sin heilskap.

Omsyna bak reglane det vert gjeve dispensasjon i frå vert ikkje vesentleg tilsidesett.

Omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett.

Sjå i tillegg rådmannen si vurdering.

Søknad om løyve til tiltak:

"Søknad om løyve til tiltak vert handsama administrativt, når kommunen har motteke ein

fullstendig søknad, jf. plan- og bygningslova § 21-2 og forskrift om byggesak § 5-4, jf. gjeldande delegeringsreglement, jf. plan- og bygningslova § 21-4, 1. ledd."

23.01.2019 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Utvalsleiar bad om vurdering av gildskap for Øyvind Litland og Torunn Åsheim, begge AP. Han viste til tidlegare handsaming av ugildskap for dei i PT-sak 082/18. Dei fekk høve til å uttala seg om si vurdering av gildskapsspørsmålet, men tok ikkje del i møtet ved avgjerd om gildskap - Andrea Hartveit, AP og Nina B. Nyheim, AP møtte som vara - 7 medlemmer/varamedlemmer til stades.

AVRØYSTING - gildskap

Øyvind Litland vart kjend ugild med 5 røyster (1H,1MDG,1FRP,2KRF) mot 2 røyster (2AP)

Torunn Åsheim vart kjend ugild med 5 røyster (1H,1MDG,1FRP,2KRF) mot 2 røyster (2AP)

Vedtaket vart gjort med heimel i forvaltningslova § 6, 2. ledd *Likeså er han ugild når andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet; blant annet skal legges vekt på om avgjørelsen i saken kan innebære særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen som han har nær personlig tilknytning til. Det skal elles legges vekt om ugildhetsinnsigelse er reist av en part.*

Utvalet viser også til Fylkesmannen si vurdering og konklusjon i gildskapsvurdering av desse utvalsmedlemmene i brev av 20.06.18.

Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 13.15 - kl. 13. 40 med gruppemøte for H, AP, KRF og MDG.

Atle Solberg, H, gjorde på vegner av H, AP, MDG, KRF slikt framlegg: "Klagen frå Fylkesmannen vert teken til følgje og vedtak i plan- og kommunalteknisk utval 22.08.2018 saksnr. 082/18 vert omgjort, jfr. forvaltningslova § 33. Det vert ikkje gjeve løyve til frådelling og omdisponering til bustadføremål av ein parsell på 13,8 daa frå landbrukseigedomen gnr. 58/bnr. 1 i Osterøy kommune, jfr. plan- og bygningslova § 19-2, jfr. §§ 11-6, 11-7, nr. 5 bokstav a, 20-1 bokstav m, 20-2, 20-4 bokstav d og 26 -1. Grunngeving: Etablert praksis i kommunen er frådelling av bustadtomtar på inntil 1 mål. Ut frå eit likebehandlingsprinsipp kan me difor ikkje støtta frådelling av 13.8 mål. Eit slikt vedtak vil gje uheldig presedens, og undergrava kommuneplanen som styringsverktøy. Ulempene med frådelling vert difor klart større enn fordelane.

AVRØYSTING

Alternativ avrøysting

Rådmannen sitt framlegg	-	1 røyst (1FRP)
Fellesframlegg frå H/AP/MDG og KRF	-	6 røyster (1H,2AP,1MDG,2KRF)

PL - 005/19 VEDTAK:

"Klagen frå Fylkesmannen vert teken til følgje og vedtak i plan- og kommunalteknisk utval 22.08.2018 saksnr. 082/18 vert omgjort, jfr. forvaltningslova § 33. Det vert ikkje gjeve løyve til frådelling og omdisponering til bustadføremål av ein parsell på 13,8 daa frå landbrukseigedomen

gnr. 58/bnr. 1 i Osterøy kommune, jfr. plan- og bygningslova § 19-2, jfr. §§ 11-6, 11-7, nr. 5 bokstav a, 20-1 bokstav m, 20-2, 20-4 bokstav d og 26 -1.

Grunngjeving: Etablert praksis i kommunen er frådelling av bustadtomtar på inntil 1 mål. Ut frå eit likebehandlingsprinsipp kan me difor ikkje støtta frådelling av 13.8 mål. Eit slikt vedtak vil gje uheldig presedens, og undergrava kommuneplanen som styringsverktøy. Ulempene med frådelling vert difor klart større enn fordelane."

006/19: 129/87 - Hamre - Søknad om dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen - kai

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

"Kommunen gjev ikkje dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 11-6, 11-7, nr. 1 og 6, og 11-9, nr. 5 til bygging av kai på gnr. 129 bnr. 87, jf. plan- og bygningslova § 19-2."

Grunngjeving:

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert vesentleg tilsidesett.

Etter ei samla vurdering er ulempene med å gje dispensasjon større enn fordelene.

Sjå i tillegg rådmannen si vurdering.

28.11.2018 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Til møtet vart følgjande dokument delt ut:
E-post datert 26.11.18 med vedlegg frå Roger Merkesvik.

Kim Andre Hartveit, FRP, gjorde slikt framlegg: "Kommunen gjev dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 11-6, 11-7, nr. 1 og 6, og § 11-9, nr. 5, til bygging av kai på gnr. 129/bnr. 87, jfr. plan- og bygningslova § 19-2. Grunngjeving: Med bakgrunn i at søkjar seier at han vil disponere kaien til både turistbåtar og privatpersonar, ser me det som positivt at den eksisterande kaien blir opprusta, og kan verta benytta til gode formål."

Framlegget vart ikkje røysta over.

Øyvind Litland, AP, gjorde slikt framlegg: "Saka vert utsett for synfaring."

Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 13. 25 - kl. 13.35 med gruppemøte for AP, H, SP og KRF
I pausen fekk rådmannen avklart om utsetjing av handsaminga kan medføre tap av gebyrinntekter for kommunen.

Rådmannen viste til at ein med heimel i byggesaksforskrifta § 7-3, kan forlenga saksbehandlingsfristen ut januar 2019.

Utvalsleiar gjorde framlegg om slikt tillegg: "Av omsyn til synfaringa vert saksbehandlingsfristen i medhald av byggesaksforskrifta § 7-3, forlenga ut januar 2019."

AVRØYSTING - synfaring

Utsetjingsframlegget med tillegg vart samrøystes vedteke.

PL - 117/18 VEDTAK:

"Saka vert utsett for synfaring. Av omsyn til synfaringa vert saksbehandlingsfristen, i medhald av byggesaksforskrifta § 7-3, forlenga ut januar 2019."

23.01.2019 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Det vart halde synfaring for utvalet før møtet.

Kim Andre Hartveit, FRP, gjorde slikt framlegg: "Kommunen gjev dispensasjon frå plan- og bygningslova § § 11-6, 11-7, nr. 1 og 6 og § 11-9, nr. 5 til bygging av kai på gnr. 129/bnr. 87, jfr. plan- og bygningslova § 19.02. Grunngeving: Med bakgrunn i at søkjar seier at han vil disponera kaien til både turistbåtar og privatpersonar, ser me det som positivt at den eksisterande kaien blir opprusta og kan verta benytta til gode formål."

Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 14.00 - kl. 14.10 med gruppemøte for FRP, H, MDG og KRF.

Det vart halde pause i møtet frå kl. 14.10 - kl. 14.25 14.10 - 14.25.

Rådmannen opplyste at det i vedtaket kan stillast vilkår om utanomhusplan med krav om tilrettelegging for allment tilgjenge til kaien. Vilkår om tinglysing som hefte på eigedomen er meir usikkert.

Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 14.25 - kl. 14.30 med gruppemøte for KRF og MDG, kl. 14.25 - og for H og FRP.

Det vart halde ny pause i drøftingane frå kl. 14.32 - kl. 14.40 med gruppemøte for FRP, H, KRF og MDG og for MDG og KRF

AVRØYSTING

Alternativ røysting

Rådmannen sitt framlegg	-	5 røyster (2AP,2KRF,1MDG)
FRP sitt framlegg	-	2 røyster (1H,1FRP)

PL - 006/19 VEDTAK:

"Kommunen gjev ikkje dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 11-6, 11-7, nr. 1 og 6, og 11-9, nr. 5 til bygging av kai på gnr. 129 bnr. 87, jf. plan- og bygningslova § 19-2."

Grunngjeving:

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert vesentleg tilsidesett.

Etter ei samla vurdering er ulempene med å gje dispensasjon større enn fordelene.

Sjå i tillegg rådmannen si vurdering."

007/19: 1/97 Loftås - Søknad om dispensasjon - endra takform ved oppføring av einebustad

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

"Kommunen gjev ikkje dispensasjon frå reguleringsplan detaljregulering Loftås B5-B9 arealplan-ID 2012003 reguleringsføresegn § 3.1.1, siste punktum, jf. plan- og bygningslova §§ 12-4 og 12-7 til endra takform ved oppføring av einebustad på gnr. 1, bnr. 97, jf. plan- og bygningslova § 19-2."

Grunngjeving:

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert vesentleg tilsidesett.

Etter ei samla vurdering er ulempene med å gje dispensasjon større enn fordelene.

Sjå i tillegg rådmannen si vurdering.

23.01.2019 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Atle Solberg, H, gjorde slikt framlegg: "Kommunen gjev dispensasjon frå reguleringsplan detaljregulering Loftås B5-B9 arealplan-ID 2012003 reguleringsføresegn § 3.1.1, siste punktum, jf. plan- og bygningslova §§ 12-4 og 12-7 til endra takform ved oppføring av einebustad på gnr. 1, bnr. 97, jf. plan- og bygningslova § 19-2. Grunngjeving: Bruk av pulttak er ei tilpassing til terrenget. Dette

er ein del av byggefeltet med helning mot vest, og det er difor naturleg at dei har ein front mot den utsikta. Denne takforma vil ikkje bryta med allmenn utsjånad i Loftåsfeltet ettersom ein der allereie finn ein miks av bygningar med saltak, pulttak, valmtak og seteritak."

Kim Andre Hartveit, FRP, gjorde slikt framlegg: Kommunen gjev dispensasjon frå reguleringsplan detaljregulering Loftås B5-B9 arealplan-ID 2012003 reguleringsføresegn § 3.1.1, siste punktum, jf. plan- og bygningslova §§ 12-4 og 12-7 til endra takform ved oppføring av einebustad på gnr. 1, bnr. 97, jf. plan- og bygningslova § 19-2. Grunngeving: Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett. Etter ei samla vurdering er fordelane større enn ulempene med å gje dispensasjon."

Utvalsleiar viste til at første del er lik i begge framlegga, og gjorde framlegg om å ta med begge grunngevingane i vedtaket.

AVRØYSTING

Alternativ avrøysting

Rådmannen sitt framlegg	-	0 røyster
Atle Solberg sitt framlegg med slikt tillegg som foreslått	-	7 røyster (samrøystes)

PL - 007/19 VEDTAK:

"Kommunen gjev dispensasjon frå reguleringsplan detaljregulering Loftås B5-B9 arealplan-ID 2012003 reguleringsføresegn § 3.1.1, siste punktum, jf. plan- og bygningslova §§ 12-4 og 12-7 til endra takform ved oppføring av einebustad på gnr. 1, bnr. 97, jf. plan- og bygningslova § 19-2. Grunngeving: Bruk av pulttak er ei tilpassing til terrenget. Dette er ein del av byggefeltet med helning mot vest, og det er difor naturleg at dei har ein front mot den utsikta. Denne takforma vil ikkje bryta med allmenn utsjånad i Loftåsfeltet ettersom ein der allereie finn ein miks av bygningar med saltak, pulttak, valmtak og seteritak. Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett. Etter ei samla vurdering er fordelane større enn ulempene med å gje dispensasjon."

008/19: 1/102 Loftås - Søknad om dispensasjon - endra takform ved oppføring av einebustad

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

"Kommunen gjev ikkje dispensasjon frå reguleringsplan detaljregulering Loftås B5-B9 arealplan-ID 2012003 reguleringsføresegn § 3.1.1, siste punktum, jf. plan- og bygningslova §§ 12-4 og 12-7 til endra takform ved oppføring av einebustad på gnr. 1, bnr. 102, jf. plan- og bygningslova § 19-2."

Grunngeving:

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert vesentleg tilsidesett.

Etter ei samla vurdering er ulempene med å gje dispensasjon større enn fordelene.

Sjå i tillegg rådmannen si vurdering.

23.01.2019 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Kim Andre Hartveit, FRP gjorde slikt framlegg: "Kommunen gjev dispensasjon frå reguleringsplan detaljregulering Loftås B5-B9 arealplan-ID 2012003 reguleringsføresegn § 3.1.1, siste punktum, jf. plan- og bygningslova §§ 12-4 og 12-7 til endra takform ved oppføring av einebustad på gnr. 1, bnr. 102, jf. plan- og bygningslova § 19-2. Grunngeving: Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett. Etter ei samla vurdering er fordelene større enn ulempene med å gje dispensasjon."

Utvalsleiar viste til sak 007/19 og gjorde framlegg om slikt tillegg til grunngeving for vedtaket: "Grunngeving: Bruk av pulttak er ei tilpassing til terrenget. Dette er ein del av byggefeltet med helning mot vest, og det er difor naturleg at dei har ein front mot den utsikta. Denne takforma vil ikkje bryta med allmenn utsjånad i Loftåsfeltet ettersom ein der allereie finn ein miks av bygningar med saltak, pulttak, valmtak og seteritak."

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg	- 0 røyster
Kim A. Sitt framlegg med slikt tillegg som foreslått	- 7 røyster (samrøystes)

PL - 008/19 VEDTAK:

"Kommunen gjev dispensasjon frå reguleringsplan detaljregulering Loftås B5-B9 arealplan-ID 2012003 reguleringsføresegn § 3.1.1, siste punktum, jf. plan- og bygningslova §§ 12-4 og 12-7 til endra takform ved oppføring av einebustad på gnr. 1, bnr. 102, jf. plan- og bygningslova § 19-2. Grunngeving: Bruk av pulttak er ei tilpassing til terrenget. Dette er ein del av byggefeltet med helning mot vest, og det er difor naturleg at dei har ein front mot den utsikta. Denne takforma vil ikkje bryta med allmenn utsjånad i Loftåsfeltet ettersom ein der allereie finn ein miks av bygningar med saltak, pulttak, valmtak og seteritak.

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett. Etter ei samla vurdering er fordelene større enn ulempene med å gje dispensasjon."

009/19: 4/1 og 4/2 - Hauge - Søknad om ny dispensasjon - utgraving av Gloppemyra for deponering av massar

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

"Med heimel i plan- og bygningslova §§ 19-2 og 19-3 forlengar kommunen tidlegare mellombels dispensasjon jf. vedtak i plan- og kommunalteknisk utval av 24.01.2018 saksnr. 013/18, for perioden frå og med 01.01.2019 til og med 31.12.2019, til utgraving av Gloppemyra for deponering av massar på gnr. 4, bnr. 1 og 2, Hauge, på fylgjande vilkår:

1. Driftsplan datert 29.11.2016 gjeld for tiltak på området fram til ny driftsplan er vedteken. Ny driftsplan gjeld for tiltak på området frå vedtaksdato.
2. Elles gjeld tidlegare vedtak i saka."

23.01.2019 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg - samrøystes vedteke

PL - 009/19 VEDTAK:

"Med heimel i plan- og bygningslova §§ 19-2 og 19-3 forlengar kommunen tidlegare mellombels dispensasjon jf. vedtak i plan- og kommunalteknisk utval av 24.01.2018 saksnr. 013/18, for perioden frå og med 01.01.2019 til og med 31.12.2019, til utgraving av Gloppemyra for deponering av massar på gnr. 4, bnr. 1 og 2, Hauge, på fylgjande vilkår:

1. Driftsplan datert 29.11.2016 gjeld for tiltak på området fram til ny driftsplan er vedteken. Ny driftsplan gjeld for tiltak på området frå vedtaksdato.
2. Elles gjeld tidlegare vedtak i saka."

010/19: 13/95 Flatevad - Søknad om løyve til tiltak - tilbygg verkstad - søknad om dispensasjon frå byggegrense

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

"Kommunen gjev dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ §§ 12-4 og 12-7 til oppføring av tilbygg til industribygg på gnr. 13 bnr. 95., jf. plan- og bygningslova § 19-2 på følgjande vilkår:

1. Det må sendast inn situasjonsplan som syner nødvendig køyremønster og snuareal forstørre kjørety før søknad om løyve til tiltak kan handsamast, jf. forskrift om byggesak § 5-4, 3. ledd, bokstav b.
2. Det må sendast inn dokument som syner korleis fare for ureining av elv skal sikrast i anleggsperioden og etterfylgjande bruk av tiltak før søknad om løyve til tiltak kan handsamast, jf. plan- og bygningslova § 11-8, 3. ledd, bokstav c, jf. plan- og bygningslova § 1-5, 2. ledd.

Grunngjeving:

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett.

Etter ei samla vurdering er fordelene med å gje dispensasjon klart større enn ulempene.

Sjå i tillegg rådmannen si vurdering."

23.01.2019 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg

- samrøystes vedteke

PL - 010/19 VEDTAK:

"Kommunen gjev dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ §§ 12-4 og 12-7 til oppføring av tilbygg til industribygg på gnr. 13 bnr. 95., jf. plan- og bygningslova § 19-2 på følgjande vilkår:

1. Det må sendast inn situasjonsplan som syner nødvendig køyremønster og snuareal forstørre kjørety før søknad om løyve til tiltak kan handsamast, jf. forskrift om byggesak § 5-4, 3. ledd, bokstav b.
2. Det må sendast inn dokument som syner korleis fare for ureining av elv skal sikrast i anleggsperioden og etterfylgjande bruk av tiltak før søknad om løyve til tiltak kan

handsamast, jf. plan- og bygningslova § 11-8, 3. ledd, bokstav c, jf. plan- og bygningslova § 1-5, 2. ledd.

Grunngjeving:

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett.

Etter ei samla vurdering er fordelene med å gje dispensasjon klårt større enn ulempene.

Sjå i tillegg rådmannen si vurdering."

Andre saker/spørsmål

Atle Solberg, H, bad om oppdatert status for arbeidet ved Kringastemma til neste utvalsmøte.

Øyvind Litland, AP, tok opp spørsmål om krav om utarbeiding av reguleringsplan for trialløype/-område på Litland.

Rådmannen viste til reguleringskrav i kommuneplanen og mogleg forureining etter tidlegare gruvedrift på staden. Administrasjonen har hatt møte med Trialklubben og drøfta løysingar. Kommunen kan stå for grunnundersøkingar, men ein har ikkje kapasitet til å stå for reguleringsarbeidet. Kostnad med utarbeiding av reguleringsplan vil utgjera ca. kr 500.000. Klubben kan få forlenga dispensasjon i påvente av reguleringsarbeidet.

Annbjørg B. Herland, KRF, hadde sendt inn følgjande spørsmål til møtet:

«I samband med møte i planutvalet 23.01.19 stiller eg følgjande spørsmål til rådmannen knytt til trafikkikring/tilhøve for mjuke trafikkantar. Eg har forståing for om ikkje rådmannen kan gje svar på alle spørsmåla i fyrstkomande møte.

1. Trygg skuleveg

Langs Fv567 Lonevåg –Tysse, ein av dei sterkest trafikkerte vegstrekningane på Osterøy, er fartsgrensa 80 km/t fleire strekningar der born går til skulebussen. Skuleborna har berre den kvite stripa å bevega seg på medan tungtrafikk og persontrafikk susar forbi dei. Nokre av dei mest utsette stadane er Geitrheim, Bysheim Søre, og Heldalsstølen (i krysset til Røsland). Her manglar også fotgjengarfelt til å kryssa vegen. Eg ber kommunen ta kontakt med dei rette styresmakter og be om at fartsgrensa vert sett til 50km/t i desse områda og at det vert opparbeidd fotgjengarfelt.

2. Fotgjengarfelt i Lonevåg sentrum

I Lonevåg ser ein dagleg fotgjenngarar prøva å kryssa vegen mellom Tide buss sine kontorlokale/parkeringsplass og Lonevåg Senter. Dette er ein naturleg stad å kryssa vegen for fotgjenngarar som kjem frå bustadområda bak nemnte parkeiringsplass. Her er det stor trafikk og det kan lett tenkjast at det vil oppstå kritiske trafikksituasjonar pga

manglande fotgjengarfelt i området. Eg ber kommunen ta kontakt med dei rette styresmakter og be at dei må finna ei løysing som tryggar fortgengarane i dette området.

3. «Sykkeløy-avtale»

På Hordaland Fylkeskommune sine nyheitssider (<https://www.hordaland.no/nno/nyheitsarkiv/2019/bygger-nye-sykkelveggar-for-266-millionar-kroner/>) kan ein lesa om at Hordaland fylkeskommune skal byggja nye gang- og sykkelveggar for 26,6 millionar kroner. Staten betalar halvparten av summen. Dei nye gang- og sykkelvegane skal byggast i Fjell og Stord kommune. Staten har gjeve tilsagn om tilskot på 13,3 millionar kroner mot at fylkeskommunen betalar den andre halvparten. Kommunane hadde på førehand vedtatt plan for hovudsykkelvegnett i kommunane sine, noko som er kravet for å kunna inngå liknande sykkelby-/bygdavtalar. På Statens Vegvesen si nettside (<https://www.vegvesen.no/fag/fokusomrader/Miljoevennlig+transport/Sykkeltrafikk/kommuner-med-sykkelbyavtale>) forklarar dei at « Dette er avtalar der kommunar har inngått eit trepartssamarbeid med fylkeskommunen og Statens vegvesen om i ein definert periode å satsa ekstra på tilrettelegging for auka sykkeltrafikk.»

Sykkelbyavtaler er ein viktig del av det nasjonale arbeidet for økt sykling. Det varierer frå kontrakt til kontrakt kva som skal gjerast.

Utanfor tettstader er tilhøva til syklistar og andre mjuke trafikkantar svært lite tilfredsstillande i Osterøy kommune. Eg ynskjer å bidra til at me arbeider for raskast mogeleg å få inngå ein «sykkelbygd-/øy-avtale». Men då må Osterøy altså først ha ein vedteken plan for eit hovudsykkelvegnett i kommunen.

Spørsmål til rådmannen i denne samanhengen:

Kva skal til for at Osterøy kommune raskast mogeleg skal kunna utarbeida ein plan for eit hovudsykkelvegnett i kommunen for i neste omgang kunna søkja om å få inngå «Sykkelbygd-/øy-avtale» med Hordaland fylke og Statens Vegvesen?

4. Trafikksikringsmidlar 2018

Har Osterøy kommune søkt om trafikksikringsmidlar frå Hordaland fylke i 2018? Har kommunen fått midlar? I tilfelle til kva?

5. Revidering av Trafikksikringsplan for Osterøy

Når startar arbeidet med revidering av Trafikksikringsplanen i Osterøy opp?

Håpar det er mogeleg å få ei orientering i møtet onsdag 23.01.19 om det som er spurt om her. Har likevel forståing for at de treng noko meir tid og må utsetja å svara på delar av dette til neste møte i Planutvalet. Spørsmål nr 1 hastar etter mi vurdering mest.

Rådmannen gav slike svar:

1. Dette er fylkeskomunal veg, og kommunen kan sjølvst sende eit brev/ta kontakt med Fylkeskommunen om forholda. Men ein vil anbefale å **forankre/inkludere dette i trafikksikringsplanen**. Det er t.o. sjeldan SVV nyttar fotgjengarfelt i 50-sone, særleg der det er låg ÅDT.

2. Dette blir vurdert i samband med områderegulering av Lonevåg. Sjå elles punkt over.

3. 1. Det må prioriterast i planstrategien (som skal reviderast vinteren 2019/20), og deretter må ein ha ressursar til planarbeidet.
2. Det kan inngå som deltema i KPA. Det vil i så fall krevja meir ressursar til planarbeidet. (Og planen vil ta lengre tid).

4. Ja, til utbetring av veg og opparbeiding av gangveg på Hatland. (Teknisk drift har detaljane).

5. Det er ikkje planlagt ei revidering i planstrategien, men det er teke politisk initiativ til ei omprioritering utført av ei politisk arbeidsgruppe.

Det vart ikkje gjort vedtak i tilknytning til spørsmål og svar.

Til å skriva under møteprotokollen saman med utvalsleiar vart desse valde: Torunn Åsheim og Silje Midtbø Veve

Lonevåg, 25.01.19

Bente Skjerping
Utvalsesekretær

Atle Solberg
utvalsleiar

Torunn Åsheim

Silje Midtbø Veve